



Statens vegvesen

ALVER KOMMUNE
Postboks 4

5906 FREKHAUG

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Ingelin Garen / 55516345

Vår referanse:
21/107919-31

Dykkar referanse:
23/1439 – 23/23690

Vår dato:
26.04.2023

Uttale til søknad om dispensasjon – Gbnr 188/5 – Gjervik ytre – oppføring av hagesenter med parkeringsplassar, avkjøyrsløse og passeringslomme – Alver kommune

Vi viser til brev frå Alver kommune, dagsett 31.03.2023. Saka gjeld søknad om oppføring av hagesenter med parkeringsplassar, avkjøyrsløse og passeringslomme. Søknaden som no vert sendt Statens vegvesen for uttale gjeldt dispensasjon i samband med etablering av passeringslomme.

Det er tidlegare gjeve dispensasjon frå krav om detaljplan før utbygging (KDP 2.2.2), rekkjefølgjekrav infrastruktur (KDP 4.1.3) og bandlegging etter anna lov (KDP 4.3.1) i sak 21/5964. Statens vegvesen har gjeve avkjøyrsløse og dispensasjon frå byggjegrænse mot offentleg veg.

Planstatus

Eigedomen ligg hovudsakeleg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som kombinert byggje- og anleggsføremaal.

Delar av tiltaket ligg i regulert område innanfor reguleringsplanen for Isdal – Gjervik Ytre Blad III

Delar av tiltaket ligg i regulert område innanfor reguleringsplanen for Felt E Såta. Arealføremalet er friområde.

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Fakturamottak DFØ
Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim

Uttale

Det er utarbeidd tekniske teikningar for utforming av avkøyrsla til nytt hagesenter og passeringslomme på E39. Teikningane er pr. i dag ikkje endeleg godkjende av Statens vegvesen, då det framleis er behov for nokre justeringar med omsyn til detaljar. Slik vi vurderer det vil dei naudsynte justeringane ikkje føre til endringar som for konsekvensar for arealet det no vert søkt om dispensasjon for.

Statens vegvesen har ingen merknader til dispensasjonssøknaden.

Transportforvaltning

Med helsing

Frode Moen Aarland
seksjonsleiar

Ingelin Garen
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.